



Elin Flindt og Rolf Ryttnvad, saman med fire andre roarar, starta roturen frå Uskedalen i to færingar og ein seksering. Bilete syner Elin og Rolf i oselvaren deira..

Onsdag i denne veka la to færingar og ein seksering frå land i Uskedalen og dermed starta turen for det som vert kalla Rogruppa etterdønningen. Turen var organisert av Terje Skorpen. Terje er kjend frå fartyvernet og restaurering av trebåtar, mellom anna frå arbeidet saman med Ole Kristoffer Vågen på Skorpo.

Elin Flindt og Rolf Ryttnvad la ut frå Løfallstrand på onsdag. Dei rodde til Uskedalen og slutta seg til rogruppa på seks personar. Mellom dei var Siri Teigland, ein frå Bømlø, ei dame frå Tysnes og ei dame frå Fusa.

Rolf Ryttnvad fortel til Uskedalen.no at fyrste etappe gjekk frå Uskedalen, via sørsida av Ånuglo og vidare til Flakkavåg. Under vegs var det middagspause i Skipavågen. Etter ei natt i telt og god frukost gjekk rotuen vidare ut Skjelavikundet til Storsøya. Her låg ein godt i le og dermed la inn ein god pause.



Tre færingar samla for fotografering ved Laukhammar på Tysnes.

Eit ektepar frå Neshamn på Tysnes slutta seg til gruppa. Kursen gjekk ut Laukhammarsundet til Midtneset før ein rodde over til Langøya og Klubbholmen. Båtane vart lagt til ro ved Laukhammar Fritid. Her var det god middag og nokre valde å overnatta i hus.

Fredag morgon starta Elin Flindt og Rolf Ryttnad den lange roturen på 6 timar heim til Bakkjen, ein restaurert husmannsplass på Løfallstrand. Her driv Elin galleri og har ope tun med utstilling. Resten av gruppa avslutta turen i Uskedalen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/ Rolf Ryttnad